



Til:

Vest Politidistrikt
Postboks 285 Sentrum
5804 Bergen

| | | | | | |
|-----------|-------------|---------------|-----------|----------|------------|
| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Direktenr | Arkiv | Dato: |
| 201600050 | | Arild Ingar | 57665005 | K2 - X31 | 17.11.2016 |
| 9-20 | | Læg Reid | | | |

Nærpolitireforma - uttale frå Årdal kommunestyre

Årdal kommunestyre har i sak 088/16 samrøystes vedteke uttale om «Nærpolitireforma»;

Kommunestyret viser til utspelet frå Politidirektøren om at det i utgangspunktet skal vere minimum 211 tenestestader i politinorge. Politidirektøren seier til NTB 2.10.2016 at «For oss er det ikke et mål å komme så nær 211 som mulig. Det må gjerne være igjen flere lensmannskontorer. Målet er å få en struktur som best mulig understøtter det vi faktisk skal levere: Bedre polititjenester». Dette inneber at Politidirektøren forventar eit justert framlegg på omlag 40 lensmannskontor. Årdal kommunestyre trur ikkje at ein kan oppnå dei ønska måla med reforma ved å legge ned to kontor på sørsida av Sognefjorden. Då vil ein ikkje kunne nå det som i utgangspunktet er ei nærpolitireform med omsyn til beredskap, eit tilgjengeleg politi med god lokal forankring ute i lokalsamfunnet og eit politi som løyser oppgåvene.

Årdal kommune ved ordfører og rådmann og lensmannen i Årdal, har hatt eit tett og nært samarbeid i prosessen fram til no og det er gjeve fortløpande informasjon m.a. til Årdal formannskap.

Kommunestyret viser til brevet frå ordføraren dagsett 18.08.2016 som eit grunnlag for denne uttalen som er handsama i kommunestyret 24.11.2016 og som samrøystes er vedteken oversend Vest Politidistrikt. Brevet grunnjev kvifor det er rett at det framleis skal vera eit lensmannskontor på Årdalstangen. Vi meiner at signala frå politidirektøren gir eit grunnlag for at dette framleis kan gjennomførast.

Årdal kommune ligg inst i Sognefjorden og har i stor grad måtte klare seg sjølv på grunn av geografiske tilhøve. Etter vegutløysinga mot Aurland, blei det store endringar i samferdsla og det vart etablert vakt samarbeid mellom Årdal, Lærdal og Aurland. Årdal kommune er den største kommunen i vaktregionen med om lag 5400 innbyggjarar mens Lærdal og Aurland til saman har om lag 3900. Dei store avstandane i vaktregionen, gjer at det, også utfrå intensjonane med nærpolitireforma, ikkje er forsvarleg å berre skulle ha eitt kontor.

Lensmannen i Aurland, Knut Arne Klingenberg, har sendt inn eit framlegg om Årdal og Aurland som framtidige tenestestader. Årdal kommune stør dette framlegget i samråd med ordføraren i Aurland kommune utfrå m.a. følgjande tilhøve:

Mellom Bergen og Årdal inst i Sognefjorden, er det viktig at politimeisteren har nok mannskap til å dele på arbeidsoppgåvene. Tenestestadene må ha ein fornuftig avstand seg

imellom og ikkje vere for store, slik at ein ikkje rekk over den daglege drifta og ikkje minst vedlikehaldet. Med dei avstandane som er mellom Årdalstangen og Bergen, kan det vere fornuftig å ha kontor i Årdal (Årdalstangen) – Aurland – Voss – Bergen grunna følgjande avstandar:

Årdal (Årdalstangen) – Aurland 1 time
Aurland - Voss 1 time

Når det gjeld andre tilhøve, må ein sjå på Jotunheimen og dei andre fjellområda i Indre Sogn. Her er det viktig at ein har nærleik til Jotunheimen og at politiet byggjer opp ein kompetanse saman med kommunen, Norsk folkehjelp og Røde Kors. Alt tyder på at lensmannskontoret i Luster blir nedlagt. Då er det viktig at ein har eitt kontor som har spesialkompetanse på fjellredning.

Næraste politieining austover vil vere Fagernes (2 timar frå Årdal) og Gol/Geilo (1 ½ time frå Lærdal/Aurland. Nordover blir det Lom over Sognefjellet (2 timar frå Årdalstangen).

Årdal har eit industribrannvern som vert leia av kommunen sin brannsjef. Han er også brannsjef for Lærdal kommune. Det er derfor viktig at ein lokalt har nærleik med tanke på 110-aktivitet. Årdal kommune er oppteken av at totalberedskapen i kommunen ikkje vert svekka.

Årdal Tenk Tryggleik (ÅTT) og politiråd:

Årdal kommune har i fleire tiår arbeidd planmessig med førebyggingsarbeid gjennom organisasjonen Årdal Tenk Tryggleik. Dette er eit samarbeid mellom kommunen Hydro, NAV og det lokale lensmannskontoret og det utgjer også Politirådet. Kommunen er representert med ordførar, rådmann og NAV-leiar. Lensmannen møter frå politiet. Frå Hydro møter verksdirektøren. Gjennom ÅTT og Politirådet held partane kvarandre orientert om tilhøve som kan påverke tryggleiken for folket i kommunen og felles aksjonar for å førebygge kriminalitet og tiltak overfor born og unge vert koordinert her. ÅTT og Politirådet har høg status mellom folket i kommunen og er av stor førebyggande verdi for trivsel og tryggleik mellom ibuarane i kommunen. M.a. skjer gjennomføringa av Politikameratane og utdeling av sykkelhjelm til skuleborn i regi av ÅTT (kommunen og lensmannen). ÅTT har eigen årleg handlingsplan for korleis vi i samarbeid med folket i kommunen skal førebygge skader og ulukker og politiet er ein aktiv deltakar i gjennomføring av tiltak og pålegg. Samarbeidet har blitt nytta som modell fleire stader i landet og kommunen legg stor vekt på aktiviteten og samarbeidet.

I vaktregionen Årdal – Lærdal – Aurland har vi E 16, noko som gir politiet ein del arbeidsoppgåver opp mot aktiviteten på Håbakken trafikkstasjon i Lærdal. Her er politiet inne med eige utstyr, slik at ein kan handtere alle sakene på trafikkstasjonen. Politiet har i dag tilgang på dette lokalet 24/7 og kan stort sett handtere alle trafikksakene derifrå.

I vaktregionen er det to Schengen- hamner (Årdal (Årdalstangen) – Aurland (Flåm).

I Årdal er det ca. 300 anløp og i snitt ca. 150 pålagde passkontrollar av mannskap som skal inn og ut. I Aurland er det ein omfattande trafikk frå turistskip. Frå politiet si side, er det oppdrag knytta til passkontroll, skader på turistar m.v.

Årdal lensmannskontor disponerer i dag gode lokale og kan med enkle grep utvide med fleire kontor, jfr avtale med huseigar. I Aurland har dei svært fine lokale som vil kunne handtere ei

bemanning på 6 personar (lensmann, 4 betjentar og 1 kontormedarbeidar). Øvrige tilsette i det nye vaktområdet vil ha gode arbeidsforhold i Årdal.

Det er ei lokal vurdering at bemanninga i vaktregionen minimum bør vere 12 tilsette som er operative og i tillegg sivilt tilsette som får oppgåver tilpassa den nye organisasjonen.

Når det gjeld «Geografiske driftseiningar», er det Årdal kommune sitt syn at at det må vere 3 einingar i Sogn og Fjordane (Sogn, Nordfjord og Sunnfjord).

I Årdal kommune er det eit svært nært og godt samarbeid mellom politiet , dei store industriaktørane, den vidaregåande skulen og kommuneleiinga. For politiet bør det vere viktig å vere til stades i den største kommunen som har andre typar utfordringar enn kommunar som er svært mykje mindre. Det vert vist til kriminalstatistikk for Årdal kommune samanlikna med nabokommunane. Årdal kommune har byliknande utfordringar.

Det å oppretthalde lokalkunnskap og relasjonar politiet har ved å vere til stades, er eit tilhøve Årdal kommunestyre legg avgjerande vekt på når det gjeld å forstå intensjonen bak «Nærpolitireforma».

Årdal kommune føreset at lensmannskontoret på Årdalstangen vert oppretthalde også etter at «Nærpolitireforma» er gjennomført.

Med helsing
Årdal kommune

Arild Ingar Lægred
Ordførar